



ENIVEST

Eninvest AS
Postboks 123,
6801 Førde
Org. nr. 982 503 620
Tlf: 57 00 91 00
eninvest.no

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 Lillesand

Sendt per e-post til: firmapost@nkom.no

Førde, 31.05.2024

Høyrings svar – analyse av grossistmarknaden for tilgang til faste aksessnett

Innleiing

Vi viser til høyringsdokument av 14. mars 2024 frå Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet (Nkom) i samband med oppdatert marknadsanalyse av marknaden for tilgang til faste aksessnett, med høyringsfrist 31. mai 2024. Vidare viser vi til Nkoms marknadsanalyse av 23. juni 2023 og tilhøyrande høyrings svar frå Eninvest av 2. oktober 2023.

Nkom avgrensar i marknadsanalysen av juni 2023 den relevante produktmarknaden til å inkludere fiber, kabel- tv- nett/hybrid-fiber koaksial (HFC) og fast trådlaust breiband (FTB), både i sluttbrukarmarknaden og i grossistmarknaden. I motsetning til tidlegare marknadsanalysar, konkluderer Nkom med at den relevante geografiske marknaden ikkje lenger er nasjonal. I oppdatert marknadsanalyse av mars 2024 opprettheld Nkom produktmarknadsavgrensinga. Nkom opprettheld også at marknaden ikkje lenger har nasjonal utstrekning, men nokre geografiske marknader er på bakgrunn av innspel frå aktørar i marknaden slått saman.

Eninvest blei i marknadsanalysen peika ut som aktør med SMP-status i den geografiske marknaden Sunnfjord og Nordfjord, noko som medfører at Eninvest vil bli ilagt ein eller fleire særskilde plikter i medhald av ekomlova. Nkom opprettheld i oppdatert marknadsanalyse at Eninvest vil vere tilbyder med SMP i perioden 2025-2030.

Vi oppfattar det slik at Nkom i denne høyringsrunda først og fremst ønsker innspel til endringane i kapittel 4 og 5 i den oppdaterte marknadsanalysen, som mellom anna har ført til at nye aktørar no er utpeika som tilbyder med SMP samanlikna med marknadsanalysen frå juni 2023. Endringane som er gjort i oppdatert marknadsanalyse, og ikkje minst endringane som ikkje er gjort, medfører likevel at Eninvest ser klart behov for å utdjupe våre innspel nærare, både når det gjeld geografisk avgrensing av marknaden, konkurranse frå FTB og faktiske konkurrentar som mellom anna Telenor og vurdering av SMP. Vi viser i denne samanheng til at noverande høyring heng nært saman med Nkoms marknadsanalyse av 23. juni 2023.



Nkom nemner i oppdatert marknadsanalyse fleire av Eninvest sine innspel som omhandlar at Eninvest i Sunnfjord og Nordfjord står overfor auka konkurranse frå FTB, særleg frå Telenor gjennom sitt landsdekkande mobilnett. Samtidig konkluderer Nkom med at det ikkje er noko som tydar på at Telenor vil bruke FTB til aktivt å konkurrere i konkurrerande tilbydarar sine fiberområde. Samtidig erkjenner Nkom at det er stor uvisse til kva betydning FTB vil få utfyllande for den vidare konkurransen i Sunnfjord og Nordfjord.

På bakgrunn av det ovannemde vil vi med dette gi eit meir innspel til den reviderte marknadsanalysen for området Sunnfjord og Nordfjord. Ettersom innspela våre til vurderingar av marknadsposisjon og geografisk avgrensing av den relevante marknaden heng nært saman med vurderingar av den relevante produktmarknaden, omhandlar innspela også vurderingane til Nkom i marknadsanalysens kapittel 3 om produktmarknadsavgrensing.

Oslo Economics har bistått oss i arbeidet, og har utarbeida ein rapport som omhandlar Nkoms marknadsanalyse. Rapporten til Oslo Economics utgjer saman med dette brevet vårt høyringssvar til marknadsanalysen til Nkom. I det følgjande samanfattar vi kort dei viktigaste innspela våre og kommentarane våre til Nkoms marknadsanalysar. Utover dette viser vi til den vedlagde rapporten.

Merknadar frå Eninvest

Innleiingsvis viser vi til våre tidlegare kommentarar med omsyn til faktagrunnlag, Nkoms anvending av metode og Nkoms grunngjeving knytt til vurderingane i marknadsanalysen, jf. høyringssvar frå Eninvest av 2. oktober 2023. Her kjem det fram at Eninvest finn marknadsanalysen mangelfull og vi peikar på fleire punkt som manglar underbyggjande dokumentasjon. Vidare meiner vi at Nkom legg for stor vekt på marknadsandel på tidspunktet for marknadsanalysen og presumpsjon for SMP, framfor å gjennomføre ei grundig vurdering av alle relevante moment i eit tilstrekkeleg framoverskuande perspektiv. Vi meiner den geografiske marknadsavgrensinga til Nkom vil kunne føre til ei konkurransevridande regulering og redusert investeringsvilje.

Vi viser og til Eninvest sitt høyringssvar av 2. oktober 2023 angående konkurransesituasjonen i vårt område når det gjeld parallellbygging av fiber. Vi viste her til Telenor sine pågåande utbyggingar av fiber der Eninvest har bygd ut tidligare. Denne utbygginga er aukande i omfang og fortsatt pågåande i våre områder. Vi kan ikkje sjå at Nkom har hensyntatt dette i den oppdaterte marknadsanalysen av mars 2024. Vi finn ikkje den oppdaterte marknadsanalysen tilstrekkeleg framoverskuande på dette punktet.

I Nkom sin marknadsanalyse av mars 2024 avsnitt 705 skriv Nkom at 12% av husstandane i Sunnfjord og Nordfjord har to eller fleire tilbydarar av fiber- eller HFC-nett. Nkom utelèt FTB i denne analysen, sjølv om FTB er ein del av same produktmarknad. Figur 1 viser del av «boliger med parallell (2+)¹ dekning totalt» i marknadsområdet Nordfjord og Sunnfjord. Totalt i Sunnfjord og Nordfjord har 90% av husstandane to eller fleire tilbydarar. Dette viser at konkurransesituasjonen er betydeleg annleis enn det Nkom

¹ Datasett levert av Nkom i «Off grunnlagsdata – geografisk og SMP analyse – oppdatert 2023 tall»

beskriver i sin marknadsanalyse, og at kundane faktisk opplever reell valfridom i val av leverandør.

Kommune	Andel boliger med parallell (2+) dekning - totalt
Askvoll	94%
Bremanger	85%
Fjaler	66%
Hyllestad	92%
Gloppen	97%
Høyanger	97%
Kinn	91%
Solund	93%
Stad	81%
Sunnfjord	94%

Figur 1

Vi kan ikkje sjå at Nkom i oppdatert marknadsanalyse av mars 2024 i tilstrekkeleg grad tek omsyn til tidlegare innspel frå Eninvest som er av betydning for konklusjonen om SMP. Til dømes har Eninvest tidlegare gjort greie for at Telenor i 2023, basert på både 4G og 5G, aktivt har marknadsført FTB til sterkt rabatterte prisar mellom anna ved bruk av dørseljarar i område der Eninvest har bygd fiber. Vi opplever at Nkom ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til konkurransepresset frå FTB verken i dag eller i eit framoverskuande perspektiv på fem år. Av denne grunn ser vi behov for underbygge dette nærare med tilgjengelege data frå vår side. Tilsvarande vil vi også djupe ut og underbygge fleire moment av betydning for analysen. Vi viser til vedlagte rapport frå Oslo Economics for ein nærare presentasjon av dette.

Oslo Economics sin rapport om Nkom sin analyse av grossistmarknaden for tilgang til faste aksessnett og konsekvensar av ein eventuell regulering

Oslo Economics sin rapport har tre hovudkonklusjonar som er relevante for arbeidet til Nkom med å vurdere Eninvest si stilling i den relevante marknaden og for korleis marknaden skal regulerast.

For det første finn Oslo Economics at **den geografiske avgrensinga av marknaden er feil** og ikkje er konsistent med den produktmessige avgrensinga. Produktmarknaden inkluderer FTB, og tilbydarane av FTB har ei nasjonal utstrekning. Nkom hevdar at FTB ikkje har ei nasjonal utstrekning, men denne påstanden er ikkje dokumentert eller underbygd. Tvert om føreligg det bevis på at FTB har ei nasjonal utstrekning, og at det konkurrerast aktivt med FTB i område med eksisterande fiberutbygging. Derfor må også den geografiske marknaden være nasjonal eller tilnærma nasjonal.

For det andre finn Oslo Economics at Nkom **ikkje har eit fagleg grunnlag til å peike ut Eninvest som aktør med SMP**. Ved ei riktig geografisk avgrensing er det ingen presumpsjon om SMP. I tillegg har Nkom ignorert FTB på mål om parallelldekning og dekningsgrader til

dei ulike aktørane i regionen. Sidan FTB inngår i den relevante produktmarknaden, er det feil å berre legge til grunn kabla breiband i mål på dekningsgrad og paralleldekning. Nkom har heller ikkje teke høgde for at Eninvest ikkje kan opptre uavhengig av sine konkurrentar for verken mobilbaserte tenester eller for TV-distribusjon.

For det tredje viser Oslo Economics til **at ein må vise aktsemd ved eventuell innføring av regulering under uvisse**. Gjennomgåande i Nkom sin analyse blir det beskrive at Nkom er usikker med omsyn til mellom anna avgrensing av marknadene, til konkurransekrafta til FTB og til marknadsstillinga til aktørane. Det er dermed ein stor risiko for at aktørar blir pålagt særskilte krav basert på feilaktige konklusjonar om sterk marknadsstilling. Konsekvensane av ein slik feil er betydelege reduksjonar i investeringar på breibandsinfrastruktur. Dette gir uoppretteleg skade på konkurransen. Ved ei så stor uvisse må ein difor vise stor aktsemd for å unngå å feilaktig peike ut aktørar med SMP.

Desse tre konklusjonane talar kvar for seg for at Eninvest ikkje må peikast ut som aktør med SMP i det endelege vedtaket frå Nkom.

For nærare utgreiingar av desse konklusjonane visast det til rapporten frå Oslo Economics som er lagt ved som ein del av dette høyringssvaret.

Avsluttande merknader

Rapporten frå Oslo Economics inneheld konkurransesensitive opplysingar. Versjonen som ikkje er merka «offentlig versjon» blir bede om å få fritak frå offentleg innsyn, jf. forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2.

Eninvest er tilgjengelege for spørsmål og kommentarar som Nkom måtte ha. Vi ønsker å invitere til eit møte med Nkom for å gjere nærare greie for analysane til Oslo Economics og for å utdjupe og diskutere synspunkta våre nærare.

Eninvest tek om kort tid kontakt for å avtale eit slikt møte.

Med vennleg helsing,



Nandor Helgheim
Administrerende direktør

Vedlegg 1: Offentleg versjon av rapport frå Oslo Economics

Vedlegg 2: Ikkje-offentleg versjon av rapport frå Oslo Economics